



Notat

Dato: 15.04.2016
Arkivsak: 2016/3059-4
Saksbehandlar: josfare

Til:	Kontrollutvalet v/Deloitte
Frå:	Fylkesrådmannen

Forvaltingsrevisjon 2016 – Bruk av regionale utviklingsmidlar

Fylkesrådmannen viser til si høyringsfråsegn datert 10.03.2016, der dei ulike kapitla i rapporten er kommentert. Me registrerer at fleire av desse korreksjonsforslaga ikkje er tatt til følge i siste versjon av rapporten.

Fylkesrådmann er no oppmoda av Kontrollutvalet om å kome med innspel til prioritering av dei anbefalingane som går fram av kapittel 8 i rapporten. Dette notatet tar utgangspunkt i dei sju tilrådingane som er skissert i rapporten og presenterer forslag til justeringar og forbetringar, i tillegg til innspel til prioritering.

1. Fylkestinget skal handsame revidert delegasjonsreglement i juni 2016. Fylkesrådmannen vil sjå til at vedtaksmynde og delegasjonsfullmakt for Regionale utviklingsmidlar vert innarbeidd her.
2. Fylkesrådmannen meiner at summen av utgåande informasjon er tilstrekkeleg for å nå alle potensielle søkarar, men at det er rom for å evaluere informasjonsflyten oftare. Prosedyrar for å informere om fylkeskommunen sine verkemidlar er noko Fylkesrådmannen gjennomgår og forbetrar fortløpande. Det er mellom anna gjort større endringar i samband med dei nye nettsidene til Hordaland fylkeskommune, bruk av nettverk og sosiale media.
3. Prosjekt delfinansiert med Regionale utviklingsmidlar skal medverke til å nå måla i Handlingsprogram for næringsutvikling(HNH). Det er innsatsområda i HNH, og andre politisk vedtekne planar (t.d. Klimaplanen) som utgjer tildelingskriteria som prosjektsøknader vert vurdert mot. Fylkesrådmannen vurderer dette detaljnivået som mest formålstenleg med omsyn til å realisere Regional næringsplan 2013-2107. Eit for høgt presisjons- og detaljnivå på tildelingskriteria vil verke avgrensande på søknadstilfanget, og kunne hindre innovative søknadar som elles vil høve til dei overordna politiske måla. Ei sterkare innsnevring kan òg medføre at det vert etablert ei rettighetsbasert støtteordning der søknadar berre treng å oppfylle dei gjevne kriteria for å ha krav på støtte. Fylkesrådmann ønskjer ikkje ei slik ordning då det ikkje gjev rom for å vurdere søknadar på grunnlag av den vedtekne næringspolitikken slik som i dag.
4. Fylkesrådmannen vurderer at Hordaland fylkeskommune sin bruk av Regionale utviklingsmidlar er i tråd med forskrift og retningsliner frå KMD , gjennom at det berre er aktørar som er med i nasjonale program(t.d. NCE/GCE/næringshagar/incubatorar mm) og aktørar/prosjekt i ein utviklingsfase som mottar partnerskapsmidlar, jamfør «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler» §8. Hordaland fylke, mellom anna gjennom bruk av fylkeskommunen sine virkemidlar, er i dag det fylket i landet med flest prosjekt inne på nasjonale klyngeprogram.

Fylkesrådmannen har i PS 8/2016 tatt initiativ til å vurdere fylkeskommunen sitt vidare samarbeid med aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram, og det vert lagt fram ei politisk sak om dette til hausten.

5. Sakshandsamarrutinane er formalisert i dokumentet «Sakshandsaming RF 13.50¹ – interne rutinar. Næringsseksjonen. Versjon 11.september 2014». Fylkesrådmannen merkar seg at dette kan reviderast og tydeleggjerast på grunnlag av revisjonsrapporten.
 - a) Sakshandsamarverktøyet «Regionalforvaltning.no» har funksjonar for registrering og arkivering av søknadsvurderingar. Fylkesrådmannen merkar seg at dette kan nyttast i større grad for å betre kunne etterprøve fagleg skjønn og panelvurderingar som ligg til grunn for vedtak.
 - b) Fylkesrådmannen meiner at det er etablert sikre rutinar som hindrar utilsikta støtte til same prosjekt frå ulike ledd i fylkeskommunen. Allereie i søknadsvurderinga vert eventuelle andre interne søknadskjelder kontrollert. Det går fram av tilsegnsbrevet at det er godkjend finansieringsplan som ligg til grunn for løyvinga, ikkje budsjettet som er lagt fram i søknaden. Sidan støtta vert gjeve som tilsegn om tilskot vert ikkje støtta utbetalt i sin heilskap før revidert eller godkjend rekneskap føreligg, inkludert eventuell anna støtte frå fylkeskommunen.
 - c) Fylkesrådmannen meiner at dette er godt ivaretatt då sakshandsamar i sakshandsamingsverktøyet «Regionalforvaltning.no» må vurdere om støtta vil vere i strid med EØS-avtala artikkel 61(1), som regulerer lovleg offentleg støtte. Kompetanse på habilitetsvurdering er lovpålagt for sakshandsamarar i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen vil spele inn til KMD sitt brukarpanel at det òg bør kunne leggjast inn eit avkryssingsval, slik at rutinane for kvar einskild søknad betrast og dokumenterast.
 - d) Fylkesrådmannen merkar seg at det er rom for forbetringar ved at det etablerast tydelege rutinar for å informere søkar om forventa sakshandsamartid.
 - e) Etter Fylkesrådmannen sitt syn sikrar rutinane tilstrekkeleg grunngeving og vurdering av vedtaka. I tilsegnsbreva vert alle prosjekt grunngeve med korleis dei medverkar til å oppfylle innsatsområda i HNH. Vurderingane bør i tillegg leggjast inn i «Regionalforvaltning.no» slik at dei i endå større grad vert dokumentert.
6. Fylkesrådmannen merkar seg at det er rom for å forbetre rutinar for arkiverdig informasjon, særskild munnleg informasjon som vert gjeve over telefon eller i møter.
7. Som det går fram av høyringsfråsegna er det no sett i verk eit eige arbeid for å evaluere bruken av regionale utviklingsmidlar opp mot resultatmåla i HNH som vart vedtatt i 2014. Dette arbeidet hadde vore lite hensiktsmessig å byrja med før den nye målstrukturen har fått verke i eit par års tid.

Fylkesrådmannen rår til følgjande prioritering av oppfølgingspunkta:

1. Punkt 1 er det viktigaste punktet for oppfølging.
2. Punkt 4 og arbeidet med å vurdere støtta til aktørane som er med i nasjonale program vert sett i gang hausten 2016.
3. Dei resterande oppfølgingspunkta vert vurdert til å vere jamstilte og er administrative justeringar innan dokumentet «RF 13.50-interne rutinar», kommunikasjon, opplæring, rutinar i samband med «Regionalforvaltning.no» og driftstøttesaka som fremjast årleg.

¹ RF 13. 50 = Regionalforvaltning.no (www.regionalforvaltning.no)

